

02 AUGUST 2022
ÅRGANG 55

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet

Oppstart s. 4-7

Lien gardsmuseum s. 10-11

Babysong s. 12-13



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Kristin Hjertaker

Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin Haukaas, Erik Rodal

Design og trykk: Bodoni AS
Opplag: 5700
Foto framside: Odd Mehus
Neste utgåve: 18. nov. Materiellfrist: 24. okt.

Arna kyrkjekontor
Telefon: 55 36 22 70
arna.menighet@kyrkja.no
Heimeside: kyrkja.no/arna
Facebook: @arnakyrkje

Arna kyrkjelydshus, Lakslia 21
kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

Soknerådsleiar: Hans Martin Svarstad

Sokneprest: Kristin Hjertaker
kh937@kyrkja.no
Tlf. 414 79 182

Adm. leiar: Marianne W. Fanebust

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no
Tlf. 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman
ge427@kyrkja.no

Kyrkjetenar: Monica Ohr
mo886@kyrkja.no
Tlf. 412 04 198

Kantor: Olav Arne Steinkopf
oas377@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd
Tlf. 55 36 22 73
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no
Heimeside: kyrkja.no/ytrearna
Facebook: @ytreamakyrkje

Ytre Arna kyrkjelydshus
Peter Jebsens veg 39
Open kyrkje: Onsdag 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no
Tlf. 916 06 626

Adm.leiar: Benthe Vevle

Trusopplærar: Marianne Vevle Hjortland
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar: Monica Ohr
mo886@kyrkja.no
Tlf. 412 04 198

Organist: Jørn Skauge
js234@kyrkja.no

BKF/Kirketorget: dåp/vigsel/gravferd
Tlf. 55 59 32 10
kirketorget.bergen@kyrkja.no
Besøksadresse: Marken 34

Vil du gje ei gåve?
Arna, konto: 1506.60.81157
VIPPS 11237
Ytre Arna, konto: 5081.08.12726
VIPPS 12191



**Tankar
om tru**

Hausten, Herren, livet og du

Hausten er tida for moge liv. I hagar og utmarker heng bæra klare til å bli plukka eller stappa i munnen, og frukta skiftar farge, blir etande og smakar. Hausten er dessutan dagane då liv synest ta slutt. Blomen visnar og fuglen tagnar, som Sivle skreiv. Difor er årstida ofte brukt som bilete på alderdomen, når ein ikkje lenger er så livskraftig som ein var, når livet er ved å visna. Heldigvis kan det vera i menneskelivet som i naturen: Hausten kallar fram vakre fargar ein ikkje såg under alt det grøne og friske i sommarmånadene.

Samstundes er hausten tida for å byrja, ikkje sjeldan for «om-potting». Eit nytt skuleår tek til. For mange blir det ein ny skule eller studiestad. Ikkje få byter jobb på denne tida. Eit nytt kull konfirmentar gjev seg i kast med førebuinga til konfirmasjonen. Og mange slag aktivitetar startar opp etter ferien.

Han som har skapt alle årstider og held jordkula i sine hender, han ser kvart menneske – anten me kjenner oss usikre i nye samanhengar, eller me veit me har nådd hausten i livet. Ein songar i eit vanskeleg år for lenge sidan har forma det slik:

Herren er nådig, vi går ikkje til grunne.
Hans miskunn tek ikkje slutt,
ho er ny kvar morgon.
Din truskar er stor.
Eg seier: Herren er min del,
eg set mi von til han.

(Klagesongane 3,22-24 i Det gamle testamentet)

Legg livet og framtida i Herrens hender. Set ditt håp til han, og la han styra stega. Hans miskunn tek aldri slutt. Kvar du er, er ho ny kvar morgon. Når Herren er din del, kan hausten berre koma.

Guds miskunn tek ikkje slutt. Snart skaper han ei ny verd der ingen roser visnar. Då skal Guds bustad skal vera hjå menneska, dei skal vera hans folk, og han skal tørka kvar tåre frå auga deira. Han som sit på trona, seier: «Sjå, eg gjer alle ting nye!»



Ingvar Fløysvik | Prest



Det kan gjera godt å tenna eit lys i Open kyrkje.

Meir open kyrkje

Frivillige bidrar til at Arna kyrkje blir meir tilgjengeleg for alle. Frå hausten 2022 vert det fast tilbod om Open kyrkje onsdagar kl. 18-20 og torsdagar kl. 12-14.

TEKST: KRISTIN HJERTAKER
FOTO: ODD MEHUS

I Open kyrkje kan alle som ønskjer det, koma innom og tenna lys, be eller oppleve det vakre kyrkjerommet i stille. Hovudregelen er at det ikkje er noko program. Frivillige kyrkjevertar er til stades, og delar av tida også prest.

Målet er at kyrkja skal vera meir tilgjengeleg både på dagtid og kveldstid for alle som kjem innom spontant eller planlagt – eller deltek på andre aktivitetar som Klubben (onsdagar) eller Seniorerteret (torsdagar).

Endra gravferdsdagar

Frå august er tysdag og fredag faste gravferdsdagar i Arna. Det gjer at torsdagen er ledig som Open kyrkje-dag.

Bønegruppa i Arna kyrkjelyd, som har hatt faste samlingar på tysdagar, flyttar samlinga si til torsdag og vert ei av gruppene med ansvar for Open kyrkje. Prest vil vera til stades delar av tida. Ein kan også gjera avtale om samtale med prest på andre tidspunkt.

Kvardagsmesse

Onsdagskveldane vil ulike frivillige delta som kyrkjevertar. Tre av fire onsdagar er det Open kyrkje kl. 18-20 utan program. Ein onsdag i månaden er det Klubb gudsteneste kl. 19, og då vil nokre av klubbmedlemmene ha teneste i Open kyrkje i forkant. Alle er hjarteleg velkomne til dei fine, enkle kvardagsmessene. Hausten 2022 er det Klubb gudstenester på desse datoane: 14. september, 5. oktober, 2. november og 7. desember.

Onsdagar i Ytre Arna

Ytre Arna kyrkje har frå før eit fast tilbod om Open kyrkje kvar onsdag frå kl. 11.30-13.00

Temakveldar om mangfald i tru og liv



Denne hausten blir det temakveldar om mangfald. Tysdag 4. oktober kl. 19-21 kjem professor Tone Stangeland Kaufman frå MF vitenskapelig høgskole til Arna kyrkjelydshus for å snakka om ulike tilnærmingar til det å tru på Gud og kalla seg kristen.

- Dersom du med ei setning skulle oppsummert kva det vil seia å vera kristen, kva frelse er, kva påsken betyr for deg, kva ville du ha svart? Det finst nokre svar som har vore og er gjengangarar i mykje av norsk luthersk kristendom, men det finst også ei rekke andre viktige perspektiv, seier Tone.

Foredraget hennar bygger på Paul W. Jones bok *Teologiske verdener* og søker å visa at det bibelske materialet er mangfaldig og rikt, og at det derfor kan vera ulike sider av kristen tru og tradisjon som blir viktig for ulike menneske.

Tone Stangeland Kaufman er professor i praktisk teologi på MF, som betyr at ho utdannar prestar og forskar blant anna på prestars forkynning og spiritualitet. Ho har også bakgrunn som prest frå organisasjonen Korsvei. Ho er kunnskapsrik og ein svært dyktig formidlar. Det blir høve til spørsmål og samtale og pause med enkel bevertning. Alle er hjarteleg velkomne!



Bøn for Arna

Siste fredag i månaden er det tverrkyrkjeleg bøn for Arna kl. 18-19. Alle er velkomne!

Plan for hausten 2022:

26.08: Haugland bedehus
30.09: Takvam kapell
28.10: Arna kyrkje (kyrkjestova)
25.11: Ytre Arna bedehus

Bibeltimar i Ytre Arna i haust

I vår tok me til med eit samarbeid om bibeltimar mellom dei to bedehusa og kyrkjelyden. Kvar gong er det ein dobbel bibeltime – med ein kopp kaffi i pausen. Program for hausten 2022:

- 7. september kl. 19.00 på Ytre Arna bedehus: Odd Sverre Hove. Emne enno ikkje bestemt.
- 28. september kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Ingvar Fløysvik. Emne: «Eg vil vera dykkar Gud».
- 26. oktober kl. 19.00 i Ytre Arna kyrke: Ingvar Fløysvik. Emne frå bergpreika.
- 23. november kl. 19.00 på Haugland bedehus: Ole Corneliusen. Emne enno ikkje bestemt.

Ytre Arna vokal

YA Vokal er eit kor for unge vaksne, opp mot 60 år. Me deltar på nokre gudstenester, men tar òg andre oppdrag. Me har eit stort og variert repertoar. Ta kontakt med dirigent/kantor Bjørn Bergmann for prøvesong.

Koret øver i kyrkja kvar torsdag, kl. 19-21.30.

Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Arna/Ytre Arna kyrkjekor er eit kor for alle som ynskjer å synge. Dirigent er kantor i Arna kyrkje, Olav Arne Steinkopf.

Koret øver i Arna kyrkjelydshus kvar torsdag kl. 17.30-19.00.
Oppstart: 1. september.

Velkommen til opne barnehagar i Arna og Ytre Arna haust 2022

Innan opningstida kan du komme og gå når du vil, og alt er gratis!



Sakkeus-parken



Sakkeus open barnehage

Indre Arna kyrkjelydshus, Lakslia 21
Startar opp måndag 15. august.
Ope måndagar kl. 9-15.



Noa open barnehage

Ytre Arna kyrkjelydshus, Peter Jebsens veg 39
Startar opp tysdag 16 august.
Opningstida er tysdag og onsdag kl. 9-14.30,
og torsdag kl. 9-14.

DAGSRYTME:

09.00 – Barnehagen opnar
11.00 – Songstund
11.30 – Lunsj

Barna må komme i følge med vaksen omsorgsperson som skal vere til stades heile tida. Ein onsdag i månaden er det barnesong i Ytre Arna kyrkje kl. 11, med organist Jørn på flygel. Etterpå er det vaffel-lunsj i Noa. Datoar for barnesong og vaffel-lunsj denne hausten er: 31. august, 21. september, 19. oktober, 30. november. Her er alle velkomne til ei triveleg stund, med eller utan barn, uansett alder!

Følg oss på Facebook:

Sakkeus åpen barnehage og Noa åpen barnehage

Aktivitetar

for born i Ytre Arna Bedehus



Ytre Arna Ving

- eit barnelag for alle born i 1.-4. klasse

Dei held til i Ytre Arna bedehus annankvar torsdag kl. 18.00-19.15.

- Andakt
- Aktivitetar som: kjøkken, hobby, sløyd og teknikk. Her får du utfalda dei kreative evnene dine.
- Ving-kveldar med f.eks: påskefest, minitivoli og julefestar. Dette plar vere populære kveldar.

Pris: 150 kr per år.

Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

T&T er eit alternativ for dei som går i 5.klasse og oppover. Dei held til i Ytre Arna Bedehus, annankvar torsdag frå kl.18-20. Leiar er Oddhild Blindheim: oddhild87@gmail.com

Konsert i Ytre Arna kyrkje

30. oktober kl.18.00

- Jørn Skauge
- Miriel – (Maria Gilberg Spikkeland)
- Firhendig piano: Jørn Skauge og Maria Gilberg Spikkeland
- Cathrine Snipsøyr
- Ytre Arna Vokal



Organist i Ytre Arna: Jørn Skauge

Basar for Ytre Arna kyrkjelydshus

Basaren for Ytre Arna kyrkjelydshus blir i kyrkjelydshuset laurdag 10. september kl. 13.00.

Gevinstar kan leverast til Arna kyrkje-kontor eller Noa open barnehage .



Bok til fire-
åringar og seks-
åringar i Ytre
Arna kyrkje

**Sundag 11. september
kl. 11 blir det guds-
teneste for små og store.**

Då skal både dei som fyller 4 år dette året, og dei som fyller 6 år dette året, få «Mi kyrkjebok». - Det er sjølv sagt ikkje same boka. Dei som er 4 år, får ei bok som passar for dei, og dei som er 6 år, får ei bok som er tilpassa at dei no er mykje større.

Alle i rett alder som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja og bur i Ytre Arna sokn, får brev med innbyding, men alle er velkomne. -Anten dei er døypte eller ikkje, ja, endå om dei er på besøk frå andre stader!



Kick-off for små og store


Babysong, Sakkeus open barnehage, Familiekoret og Søndagsklubben inviterer til felles oppstart og konsert med gruppa Neseviserne tysdag **30. august kl. 16.30** i Kyrkjelydshuset i Arna.

Rett før sommarferien hadde Sakkeus open barnehage besøk av musikkgruppa Neseviserne, som består av musikkarar med både barnehagefagleg og kyrkjemusikalsk bakgrunn. Det vart eit magisk møte mellom barn, musikkarar og musikk. Kjente og kjære barnesongar framført med humor og varme fengja både små og store!

No kjem Neseviserne tilbake – denne gangen for å markere oppstart av aktivitetar for barna i kyrkja vår. 30. august

kl. 16.30-18.00 blir det ope hus for små og store i kyrkjelydshuset. Servering av varmrett, så kom gjerne rett frå barnehage/sfo. Kl. 17 blir det ein halvtimes konsert med Neseviserne, som byr på ei salig blanding av barnesongar. Det blir informasjon om Familiekoret, open barnehage, søndagsklubben og andre aktivitetar og tiltak for barn og familiar.

Ta med heile familien til ein triveleg ettermiddag i godt selskap



1-åringar

Tysdag 30. august kl. 16.30-18.00 blir det ope hus for små og store i Kyrkjelydshuset i Arna. Servering av varmrett. Kl. 17 blir det ein halvtimes konsert med Neseviserne, som byr på ei salig blanding av barnesongar.

4-åringar

Søndag 2. oktober kl.11 er 4-åringar invitert til fest på kongens slott i Arna kyrkje. Ta gjerne på fine klede, eller kle deg ut som riddar, prinsesse, eller kva du vil. Du skal få boka «Fest på slottet» som bevis på at du er ei ekte prinsesse eller prins i Guds rike.

6-åringar

Søndag 21 august kl.11
1.klassingar får Barnebibel i gudstenesta for små og store. Etterpå er det hoppeslott og kjekke aktivitetar som søndagsskulen arrangerer. Ta gjerne med skulesekken!

11 åringar

26. -27. november
Bli med på ei annleis helg med overnatting i kyrkja! Kyrkja startar nemleg på eit nytt kyrkjeår første søndag i advent, som betyr at laurdagen nyttårsaftan i kyrkja. Og det vil vi feire! Alle 11-åringar (6. trinn) er derfor invitert til ei natt i kyrkja.

5.-7. trinn: MER Festival

Laurdag 10. september kl. 18-23 i Kulturhuset i Ytre Arna
Gameshow, glowparty, glede, mat, lære meir om kven Jesus er.

8. trinn: Connection

Tysdag 6.september kl. 19- 21 i Kyrkjestova (ved p-plassen til Arna kyrkje) Treff for alle på 8. trinn på ungdomsklubben i Arna kyrkje. Mat, sosialt, konkurransar med premie, andakt.

Inn- samlings

av klær, sko og
sengetøy til Ukraina

v/ Tro-Håp-Kjærlighet

**Første og siste
lørdag i mnd.
Kl. 12-14**

v/Lærerhøgskolen på Breistein,
Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker – kl. 50 pr. sekk

Kontaktperson:
99 64 24 70 - www.thk.no

Utleige av Ytre Arna kyrkjelydshus

Ytre Arna kyrkjelydshus

(rett bak kyrkja) kan leigast til konfirmasjonar, selskap, minnesamvær osv. Me har dekketøy til 50 personar, men lokalet passar best viss det ikkje er meir enn 40. Alt er på eitt plan utan trapper.

Prisen for utleige er kr. 2000. Då slepp du å vaska ut etterpå. Kontakt Benthe Vevle, tlf. 412 63 065 eller e-post bv467@kyrkja.no.

Ytre Arna og Haugland bedehus

Det er òg mogleg å leiga Ytre Arna bedehus, kontakt Arve Stein, tlf. 996 42 459 eller e-post arvestein@gmail.com, eller Haugland bedehus, kontakt Steinar Husdal, tlf. 970 17 524 eller e-post husdalsteinar@gmail.com.



BASAR

for kyrkjelydshuset i Indre Arna
laurdag 17. september kl. 14.

Andakt ved Kristin Hjertaker

Mykje flott å vinne på loddbooker og årer:
dokkevogn, handbrodert duk, steiketakke, lego med meir.

Ringspel for barna med garantert premie.

GRATIS kafé med vaflar og kaker, saft, kaffi & te.

Lodd blir å få kjøpt hos medlemar i kyrkjeringane,
på kyrjekaffi etter gudstenester og grautlaurdag i august.

Gevinstar vert mottekne med takk, og kan leverast på kyrjekontoret.

Jubileum til ettertanke

50 år etter utdeling av den første *Min Kirkebok* er det verd å minnes at for 80 år siden, våren 1942, sto kampen mot nazifiseringen av norske barn og ungdom. Denne kampen var grunnleggende en kamp for den kristne trosopplæringen.

TEKST OG FOTO: ERIK RODAL

I dåpen hadde foreldre fått ansvaret for å oppdra sine barn i den kristne forsakelse og tro. Og skolen hadde i 1942, sammen med foreldrene selv og kirken, ansvaret for dette. Da Quisling 1. februar 1942 ble ministerpresident, utstedte han få dager senere to lover.

Over 1100 lærere arrestert

Den ene gikk ut på at lærerne skulle melde seg inn i det nazifiserte Lærersambandet, og at undervisningen skulle skje i tråd med NS sitt program. Dette nektet 12.000 av Norges 14.000 lærere. Og i et protestbrev mot loven sendt til landets lærere, påla de dem blant annet at i all kristendomsundervisning skulle de gamle kristendomsbøkene brukes. Dette førte til at over 1100 lærere ble arrestert.

Foreldrenekt

Over 200 000 brev ble av foreldre, de fleste kvinner, sendt til departementet. I dette brevet nektet de å etterkomme loven om at alle ungdommer mellom 13 og 18 skulle meldes inn i NS sin Ungdomstjeneste.

Første og andre påskedag, 5. og 6. april 1942 la prestene ned sitt embete. I doku-



mentet, Kirkens grunn, som ble lest opp i landets kirker i forbindelse med det, også her i Arna, begrunner prestene blant annet embetsnedleggelsen med at de ikke kunne være prester i en "demonisk" stat som nektet foreldre å oppdra sine barn i den tro som de og som de hadde plikt til til fra løftet som ble gitt ved dåpen.

Sterkt fellesskap

Og sammen nedkjempet hjem, skole og kirke Quislings forsøk på å nazifisere norske barn og ungdom.

Området rundt kirka og kirkegården i Arna er slikt et symboltungt område. Der ligger ikke bare kirka og kirkegår-

den Der ligger også den første skolen i Arna, Borgstova, hvor vel 2. etasje fungerte som lærerbolig. Og veien mellom Arna kyrkje og Borgstova var postveien i 1942. Men minnestøtta med navnet til de falne og statuen av den unge kvinnen på kne med blikket mot kirkegården. Den er plassert utenfor kirkegården, der folk lever sine liv, og oppdrar sine barn. Der hvor kampen for det gode skjer, der kampen for frihet og fred stadig foregår. Samtidig er blikket hennes vendt mot kirkegården og kirka. Mot det sted vi den gang som nå kan finne styrke til å kjempe mot alt som truer liv og fremtid til alt som lever. Og for de som kommer etter oss.



TEKST OG FOTO: ERIK RODAL

Fest på slottet: 4-årsbok og jubileum

2. oktober kl. 11 er det «Fest på slottet» for alle 4-åringene i Arna kyrkje. I år er det 50 år siden den første 4-årsboken ble delt ut.

Under gudstjenesten er det utdeling av 4-årsbok til alle som i år er eller blir 4 år. Gudstjenesten er ved sokneprest Kristin Hjertaker og trosopplærer Gro Eman. I år er det 50 år siden den første 4-årsboken ble delt ut. Og gjennom disse 50 årene

er det delt ut rundt en million 4-årsbøker! Det passer derfor veldig bra at 4-årsboken i dette jubileumsåret heter "Fest på slottet". Vi satser på at gudstjenesten i år blir en skikkelig fest- og jubileums-gudstjeneste.



Ein trufast dugnadsgjeng malte sørveggen av Kyrkjelydshuset i sommar. I tida som kjem trengst det fleire nye frivillige til fleire praktiske oppgåver. Noko for deg?



-Eg møter så mange hyggelege menneske. I motgang og medgang er dei klare til å hjelpa og oppmuntra, seier Evelyn Haldorsen.

- Å vera frivillig aukar livskvaliteten

TEKST OG FOTO: KRISTIN HJERTAKER

Evelyn er ein av mange spreke pensjonistar som deltek som frivillige medarbeidarar i Arna kyrkjelyd, men også i andre organisasjonar.

- Etter å ha jobba med menneske i over 40 år, var det heilt naturleg for meg å engasjere meg i frivillig arbeid i lokalmiljøet. Eg har budd heile livet på Espeland, og har såleis "kjenningar i kvar ei krå", fortel Evelyn.

Hjartebanken og Grautlaurdag

I tillegg til oppgåver i Frivilligsentralen, Senioruniversitetet og Espelandsleiren har ho fleire oppgåver i samband med diakoniutvalet og hjartebanken i Arna kyrkjelyd.

- Siste laurdag i månaden er eg med å arrangere Grautlaurdag i kyrkjelydshuset, der samlast store og små til nokre kjeffe timar, og vi har ofte opp til 70 personar som kosar seg med risengrynsgraut, hyggeleg samtale og aktivitetar for dei minste, fortel ho.

Første måndag i månaden er det songstund på Helseheimen. Der er Evelyn del av ei gruppe som hygger seg med song, musikk og opplesing saman med bebuarane. Og annankvar onsdag er det medvandring på same plassen, då går dei på tur.

Stab og sokneråd i Arna arbeider med å betra organisering og oppfølging av frivillige medarbeidarar. Denne gruppa arbeider med saka. F.v.: Cathrine Snipsøy, Nadine Larsen, Kari Secher og Audun Stølås.

Aukar livskvaliteten

-Å vera medhjelpar i kyrkjelyden aukar livskvaliteten, tykkjer eg. "Den største gleda ein kan ha, det er å gjera andre glad" skreiv vi i minnebøkene. Diakoni- og hjartebankarbeid gjer meg glad, seier Evelyn.

Treng fleire frivillige

Arna kyrkjelyd har fleire aktive frivillige som har lagt ned ein stor innsats over mange år. Fleire er framleis i full vigør, men det er også stort behov for å rekruttera nye og yngre krefter til ulike oppgåver. Det kan vera å hjelpa til med det praktiske i samband med arrangement både innandørs og utandørs, vera ein samtalepartnar etter nærare avtale, hjelpa til på gudstenester eller med dugnad og vedlikehald av Kyrkjelydshuset. Å vera frivillig kan gje mening, meistring og fellesskap. Ta gjerne kontakt med Arna kyrkjekontor dersom du har spørsmål eller lurar på å bli frivillig. Telefon: 55 36 22 70. Epost: arna.menighet@kyrkja.no





Jorunn Haukås og Kjell Nese er på Magne Lien sitt gardsmuseum for å sjå på ein gamal biletbibel.

På Lien gardsmuseum

Ein fin junidag tok nokre i redaksjonen for kyrkjebladet ein tur til Lien gardsmuseum i Ytre Arna. Ein blid Magne Lien ynskte oss velkomen utanfor museet og viste oss rundt. Det er mange skattar på dette museet, både kjende og ukjende ting, også ein gamal biletbibel Magne Lien ville visa oss. Med oss i fylgjet er tidlegare prest i Arna, Kjell Nese.

TEKST. JORUNN HAUKÅS, FOTO: TOR ODDVAR HOLMEFJORD

Me skal sjå nærare på denne gamle bildebibelen som Magne har i samlingane sine. Denne bibelen er trykt i tre delar i København 1873 -1875. Dei er skrivne med gotisk skrift og illustrerte. Det er dei gamle illustrasjonane frå renessansen som er brukte. Kjell Nese fortel oss at når bibelen var illustrert, vart han gjort lettare tilgjengeleg for folk og meir interessant å lesa, fordi det fekk folk til å reflektera over teksten. Nese er imponert over at biblane er i så god stand, sjølv om limet har tørka ut slik at sidene er vortne lause. Illustrasjonane er likevel i fin stand.

Opprinneleg var det gamle testamente skriva på hebraisk og det nye testamente på gresk. Martin Luther omsette bibelen til tysk. Seinare vart bibelen omsett til dansk, og dei fyrste biblane i Noreg hadde dansk tekst. I skulelova frå 1739 var det bestemt at borna skulle starta i skulen då dei var 7 år, og gå minst 3 månader på skulen kvart år. Faga var kristendom og lesing. I 1904 kom den fyrste bibelen på bokmål og den var omsett frå grunnspråka. I 1921 kom fyrste bibelen på nynorsk.

Johann Gutenberg var kjend som ein pioner for boktrykkjarkunsten i Europa. Gjennom kunnskapen hans lærte ein å trykkja bøker kring 1450. Før hadde bøker vore handskrivne, men når ein kunne trykkja bøker, vart det lettare for folk å skaffa seg ein bibel etter som det vart laga fleire.



Magne Lien og Kjell Nese visar fram biletbibelen. Del ein frå det gamle testamente, og del tre frå det nye testamente.



↑ Illustrasjon frå Matteus 4.19:
Jesus sa: Kom, fylg meg, så skal eg gjere dykk til menneskefiskarar.

← ← Del 1 i det gamle testamente.

← Utsnitt frå 1.Mosebok kapittel 1.

Babysangen er ukens høydepunkt



Babysangen er ukens høydepunkt. Julian på fem måneder liker veldig godt å synge og synes det er veldig stas å synge sammen med andre barn. For moren er det stas å prate med de andre foreldrene under kaffestunden etter sangen, sier Karin Mæland, som har vært med å babysangen siden Julian var to måneder.

TEKST: AUDUN STØLÅS, FOTO: ODD MEHUS

For Karin Mæland og sønnen Julian er babysangen ukens høydepunkt.

Det er kjente og slitesterke barnesanger som blir sunget: Jeg blir så glad når jeg ser deg, Lille Petter Edderkopp og Bæ, bæ, lille lam blant mange andre. Gro bruker små trommer og andre enkle musikkinstrumenter. På et sted i programmet ligger alle babyene på ryggen på matter mens alle foreldrene - fire mødre og to fedre - holder i et stort fargerikt teppe som bølgjer seg høyt over babyene. Sangstunden blir avsluttet med blåsing av såpebobler

med musikk til og sangen: Kjære Gud, jeg har det godt.

Dette er et sted du blir i godt humør av å være på, sier Kirsten Grøteide. Hun er ifølge Gro Eman en av de «flotte pensjonister» som stiller opp etter tur for å lage til kaffe og litt å bite i på babysangen.

Babysangen blir arrangert hver torsdag mellom klokken 10.30 og 12 på loftet på Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Programmet er fast: først er det sangstund, så er det lek og så er det kaffe, sier Gro Eman, som er leder for Babysangen. Det er bare å komme. Alle er velkomne. Påmelding er ikke nødvendig. Lise Liland og sønnen Tobias på ti måneder har vært med på babysangen siden i høst. Hun var vikar for Gro Eman da hun og familien var tre måneder i Afrika.

Vi synes det er kjempekjekt å være med på babysangen, sier Lise Liland. Tobias kjenner seg trygg her. Både barn og mor synes det er godt å være sosial slik det legges opp til. Det er fint å prate med andre voksne.

Grete Sævdal Vikne har sammen med datteren Gerd Johanne vært med på babysangen siden januar. Hun sier at datteren stortrives på babysangen. Gerd Johanne er veldig glad i musikk og bevegelser.

Erlend Heggelund har med seg datteren Lilly på babysangen. Han sier at dette er et veldig kjekt sted for Lilly.



Lise Liland sier at sønnen Tobias kjenner seg trygg på babysangen.



Det sosiale er også meget viktig. Grete Sævdal Vikne i prat med Gro Eman.

Nytt kyrkjeblad

og nye støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det nye og heilt lokale Kyrkjebladet, med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

FOR ARNA SOKNERÅD: Hans Martin Svarstad - FOR YTRE ARNA SOKNERÅD: Jorunn Haukås



K.J. Brusdal AS

ARNA
glass as

saftsuse[®]
PRODUSERT AV FAMILIEN OSBERG

Garanti for Kvalitet



**ØYRANE
TORG**

A|S|K|O
- vi forsyner Norge med mat



Ta kontakt for taksjekk og uforpliktende tilbud

**BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS**

Garnesvegen 128, 5264 Garnes

Postadr: Postboks 233 Indre Arna, 5888 Bergen

Tlf. 55 24 21 38. Faks 55 24 21 25.

E-Post: post@josteingarnes.no www.josteingarnes.no



www.mersterhus.no

**Murmester
Sigurd Djønne AS**



www.sigurd-djonne.no.no

Tlf. 55 24 21 16

Følg oss på facebook

*Boliger
i mur*

**ODDVAR
BJELDE**

SUZUKI · ISUZU · MAXUS



**Ditt lokale
verksted**



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no



**ABORA
PROSJEKT AS**

Ingeniør & byggmesterfirma



www.abora.no



Tlf. 55 36 77 88



Slekters gang

DØYPTE ARNA

William Stephansen
Åsmund Vestrheim Kaasa
Ada Alfsen Takvam
Celine Helleve Wollertsen
Isak Svenning Havnerås
Abel Båkind
Sebastian Larsen Pedersen
Martin Høysæter Vatle
Lyra Skålheim Nguyen
Noah Emilian Svenning Havnerås
Marie Midttun Røen
Julian Mæland Røen
Jonas Bøyum Johannessen
Odin Karlsen Vangdal
Sverre Wiktorin Korsmo
Chrisander Monsen
Alexandra Sunde Lyssand
Odin Hamre Skoglund
Lilly Johnsen Marthinsson
Emilian Hekland-Reknes
Frida Garvik Blomdal
Ulrik Støyva Haugland
Edvard Haugene Veseth
Astrid Njåstad Arnesen
Silian Østgulen
Tilie Elida Sanden Eliassen
Alfred Angell Norheim
Mille Teige Åsen
Vegard Kristiansen
Marte Tandstad

DØDE ARNA

Kristine Johanne Arne
Ingebjørg Rogne
Esther Pernille Jakobsen
Petrine Strømmen
Magnus Heggertveit
Jorunn Mary Takvam
Ingun Birkeland
Martin Skjelbreid
Sylvi Irene Halvorsen
Eirik Fahlvik
Rolf Henriksen
Gerd Flesland
Norvald Arne Aas
Edith Dagfrid Thunestvedt
Angell Solberg
Geirmund Drageide
Orlaug Marie Bjørgås
Vigdis Vik
Eilin Sissel Lervik Valen
Stein Sørsdal
Einar Vassdal
Anders Sundland
Ragnar Sigmund Valestrand
Vidar Lohne
Kirsten Johanson
Alex Magne Gjerstad
Bjørn Andre Veland
Kirsten Thorbjørg Hovland
Lars Digranes
Ivar Storsæter

Margot Garnes
Ole Andreas Olsnes
Herborg Steinseth

VIGDE ARNA

Preben Selbak og
Crystal Cortes

Marius Simmenes og
Cecilie Engelsen

Jørn Håvard Arntzen og
Tina Rosenvinge

Håvard Lauvsland og
Heidi Hauge

Vegard Kolltveit og
Solveig Hugaas

Jacek Sobieraj og
Maria Isabelle Vellesvik

Tobias Lian og
Benedicte Sætre

Andre Risvold og
Vibeke Kalvenes

DØYPTE YTRE ARNA

Casper Endresen Rivenes
Gerd Johanne Urke Vikne
Harriet Steen Svardal
Erik Heldal Brandsdal
Gobe Jacinkeviciute
Kotryna Jacinkeviciute
Mario Raaen Kallsten
Mia Kversøy-Vikne
Alise Slettebakken Solsvik
Benjamin Strømsnes Birkeland
Selma Steinsland
Mathilde Marhaug Borgund
Ella Adelin Låstad Rodin

DØDE YTRE ARNA

Johanna Anna Grøneng
Ruth Veve
Mildred Mathilde Landhaug
Andreas Iversen
Karin Myking Espevik
Kjell Arnold Sjursen
Ole Johan Bernestangen
Agda Ekanger

MER

BLI MED PÅ

- 2022 - 10. SEPT

KULTURHUSET I YTRE ARNA

Vi har gleden
av å invitere til
en festkveld
for **5.-7. klasse**

Det vil bli show, glede, og ikke
minst et tydelig fokus på å
lære mer om hvem Jesus er.

PROGRAM

18.00

VELKOMMEN | VI blir kjent

19.00

MER-samling

20.00

VI SPISER

21.00

GAMESHOW

22.00

GLOW PARTY

For mer info / påmelding:
GE427@KIRKEN.NO

17.30 Registrering
23.00 Henting



SKJÆRGÅRDS
MER

SKJÆRGÅRDS

Arrangert av:
Kirker og bedehus i Arna
Skjærgårds LIVE, Arna

HVA SER JESUS
ETTER ?



Gudstenestekalender

Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.

Arna: Kristin Hjertaker, Mobil: **414 79 182**, Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: **916 06 626**

28.08.

12. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Fløysvik.

04.09.

13. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11 og 13:

Temagudsteneste med konfirmantpresentasjon.

Hjertaker. Søndags-

klubben kl. 11.30

(Loftet i Kyrkjelydshuset).

11.09.

Vingardssundagen

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Arna kyrkje kl. 13:

Orgelkonsert. Øygard

Steinkopf og Steinkopf.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og

store. Fløysvik. Mi

kyrkjebok - 4 år og 6 år.

14.09.

Arna kyrkje kl. 19:

Klubbgodsteneste.

Fløysvik.

18.09.

14. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Haust-

takkefest. Fløysvik.

Haukeland songlag.

25.09.

15. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

02.10.

16. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små

og store. Hjertaker.

«Fest på slottet» 4 år.

05.10.

Arna kyrkje kl. 19:

Klubbgodsteneste.

Hjertaker.

09.10.

17. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Haust-

takkefest. Fløysvik

16.10.

18. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

23.10.

19. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hitland.

50-årskonfirmantar.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

30.10.

Bots- og bøneda

Arna kyrkje kl. 11:

Temagudsteneste.

Hjertaker. Konfirmantane

deltok. Søndagsklubben

kl. 11.30 (Loftet i

Kyrkjelydshuset).

02.11.

Arna kyrkje kl. 19:

Klubbgodsteneste.

Hjertaker.

06.11.

Helgemessesundag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

Arna kyrkje kl. 17:

Minnegudsteneste.

Hjertaker.

13.11.

22. søndag

i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:

Temagudsteneste.

Hjertaker.

Arna kyrkje kl. 18:

Orgelkonsert. Øygard

Steinkopf og Steinkopf.

20.11.

Domssundagen/

Kristi kongedag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Søndags-

klubben kl. 11.30

(Loftet i Kyrkjelydshuset).

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

27.11.

1. søndag i adventstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for

små og store.

Hjertaker.

Lys vaken.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen, og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna - www.kyrkja.no/ytrearna

Velg fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.



Foto: Bo Mathisen/Kyrkjerådet